



NMCU Sogn og Fjordane

NMCU Sogn og Fjordane krets innkaller til årsmøte 20. januar 2024

Sted: Sogndal Hotell

Tid: 20. januar kl. 13:00 – 14:00

Godt nyttår!

Gode medlem av NMCU. Styret i Sogn og Fjordane består av undertekna **Arvid Stenehem** og **Knut Bøthun**. Vi ønsker tilbakemelding på andre kandidatar eller om du støtter at vi held fram også i 2024. Det er særst viktig at du svarer på denne e-posten slik at vi kan sikre ei viss demokratisk val av lokalt styre.

Kretsårsmøte skal avhaldast seinast ved utgangen av januar månad og vi set av **laurdag 20. januar kl. 13.00 til 14.00, møtestad Sogndal/Skype/Teams på nett**. Møterom vert truleg leigd på Sogndal Hotell når vi får mange nok påmelde. **Så hugs å gi tilbakemelding til arvidstenehem737@gmail.com om du kjem.**

Dagsorden på kretsårsmøte blir:

A. Opning – velkommen og oppteljing av deltakarar

B. Godkjenning av dagsorden, val av møteleiar, val av to referenter, val av to til å underskrive protokoll

C. Styret summerar opp aktiviteten i 2023. Møte med stand på motortreff i Sogndal, «Bli sett dagen», pressemeldingar, radiointervju NRK og besøk på samling i Kråkemarka motorsenter Førde. Vidare delteke på møter med sentralstyret sitt kretsleiar møte og årsmøte. To møter med MC-forum invitert av NMCU Møre og Romsdal. Utdeling av materiell til trafikkskular.

D. Rekneskap – kretsen har kr. 4000,- på konto. Desse vart overført i 2023 frå sentralstyret og har stått urørt på eigen konto.

E. Inkomne saker – [send inn dine saker](#)

F. Plan for aktivitet i 2024 – tilsvarande aktivitet som i år 2023

G. Budjettframlegget – vi får truleg nye kr. 4000,- overført frå sentralstyret i 2024. Det betyr av vi vil ha kr. 8000,- på konto i 2024.

H. Val: Leiar skal veljast for eitt år, nestleiar og kasserar for to år og valkomitè for eitt år.

NMCU sitt årsmøte er lagt til Bodø den 24. februar. Det er interessant å få tilbakemelding på kor mange som har høve til å delta på årsmøtet i Bodø? Reise- og opphaldsutgifter vert **ikkje** dekkja.

Årsmøte NMCU 2024 – NMCU Norsk Motorcykel Union

Mvh,

Arvid Stenehjøm
-distriktsekretær Sogn og Fjordane

Norsk MotorCycle Union – NMCU
Tlf: 915 76 880
E-post: arvidstenehjøm737@gmail.com